

# Referat frå møte i Ressursgruppa for læringsnettverket for barneverntenestene i Vestland

Dato: 17. mars 2023 Stad: Teams

Sak:	Tema:	Referat:	Konklusjon, ansvar og tidsfrist:
1.	<b>Velkommen og gjennomgang av sakslista</b>	<b>Gjennomgang av sakslista</b>	<b>Konklusjon:</b> Saksliste godkjent, ingen saker til eventuelt
2.	<b>Kort oppsummering frå årsmøtet og nytt frå Bufdir om læringsnettverk</b>	<p><b>Kort oppsummering frå årsmøtet</b></p> <p>Kort runde på kva det er viktig at vi tar med oss nå inn i planlegging av dei ulike aktivitetane i nettverket det komande året. Kva er særleg viktig at me har merksemda mot no? Kva sa leiarane på årsmøtet om våre framlegg frå Styringsgruppa og Ressursgruppa? I all hovudsak fekk me tilslutning frå årsmøtet på forslaga vi la fram. Det betyr at vi for det meste har dei same aktivitetane i årshjulet som vi hadde i fjar, med unntak av at vi redusera til ein digital fagsamling på våren i staden for to. Vi fordeler også framlegga av utviklingsprosjekta, slik at nokre av prosjekta legg fram på samlinga den 30. mars, og resten legg fram på samlinga 20.-21. september 2023. Ut over dette har vi planar om dei same aktivitetane som i fjar.</p> <p>Tema som vart trekt fram som særleg aktuelle for nettverket å ha merksemda på var:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementering og etablering eigne møter for barnevernleiarane i heile Vestland</li> <li>• Samvær og gjenforening</li> <li>• Nye krav om rettleiing til tilsette i barneverntenestene</li> <li>• Oppvekstreforma – erfaringsdeling om utvikling av tiltaksapparatet</li> <li>• Meir strategisk og heilskapleg tenking om fordeling av tilskot</li> </ul> <p>Dette har vi med oss inn i planlegginga</p> <p><b>Nytt frå Bufdir om læringsnettverk</b></p> <p>For 2023 har vi i Vestland fått to pottar med stimuleringsmidlar til fordeling i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 1 445 026,- frie midlar</li> <li>• 2 900 000,- til utvikling, etablering og gjennomføring av kommunale veiledings- og oppfølgingstilbod til fosterheimar</li> </ul> <p>Søknadsfristen blir som i fjar 1. juni. Tilskotet er utlyst, og alle pågående prosjekt og kommunar har fått varsel. <a href="#">Tilskot til utviklingsprosjekt i barnevernstenesta for 2023</a></p>	<b>Orienteringssak</b>
3.	<b>Planlegging av fagsamlinga 30. mars</b>	<p><b>Planlegging av fagsamlinga 30. mars</b></p> <p>Styringsgruppa kom langt med innhaldet i programmet for fagsamlinga på møtet 24. mars, og førebels program ligg ute på nettsida allereie. Vi har særleg ein bolk vi i ressursgruppa må bli einige om korleis vi skal fylle. Det er posten på programmet som nå er kalla «Støtte til implementering». Sigrun frå RKBU vil starte denne bolken med å presentere implementere.no. og deretter kom det forslag om at vi hører med Reidar Dale frå KORUS og han kan bidra inn i denne bolken saman med Sigrun. Her er lenkje til programmet: <a href="#">Program for fagsamling for leiarar og tilsette</a></p> <p>Påmeldinga er open: <a href="#">Digital fagsamling for leiarar og tilsette i barnevernstenestene i Vestland</a></p>	<b>Konklusjon:</b> Brita undersøker med Reidar om han kan holde et kort innlegg og samkøyre seg med Sigrun som skal presentere implementere.no <a href="https://implementere.no/">https://implementere.no/</a>
4.	<b>Utviklingsprosjekta – Status og treng vi justeringar i projektstøtteriggen</b>	<p><b>Utviklingsprosjekta - status og drøfting av om vi treng å justering i projektstøtteriggen</b></p> <p><b>Nytt prosjekt er i startfasa</b> – Sju kommunar vil saman med RKBU vest søke om tilskot til å arbeide med utforming av rettleiingstilbod til tilsette i barnevernenesta – Kommunane skal ha fyste møte før påske. Dei som skal delta i dette prosjektet er: Kvinnherad som vert vertskommune, Sunnfjord, Aurland og Lærdal, Sogndal, Vik, Høyanger og Sørfjorden barneverneneste. Fleire av desse kommunane har i liten grad tidlegare våre med i utviklingsprosjekt i regi i nettverket. Dei vart derfor særleg invitert inn i dette prosjektet. Stor interesse for å bli med.</p> <p><b>Innspel frå Unni</b> – kan vi gjere noko for å halde på og vedlikehalde den kompetansen som prosjektleiarane har opparbeida seg i prosjekta? Dette har stor verdi også for nye prosjekt.</p> <p><b>Aktuelt med eit nytt prosjekt på fosterheimsområdet?</b> For å sjå meir heilskapleg på korleis vi organiserer og deler erfaringar mellom utviklingsprosjekta, og invitere kommunar som ynskjer å kome i gang med utviklingsarbeid på fosterheimsfeltet. Deling av det som er utvikla i ulike, og eit særleg aktuelt tema er dette med rekruttering i slekt og nettverk, her er det litt nye føringar til opplæring og også fleire forventingar både til kommunane, Bufetat og Statsforvaltaren. Utviklingsarbeidet som vert gjort i Øygarden og Alver er veldig aktuelt. Bufetat planlegg å invitere kommunane til ei samling/møte for å drøfte samarbeidet om fosterheimsfeltet. Dette kan være ein aktuell arena for å snakke saman om denne ideen. Dei planlegg å invitere til eit slikt møte rett over påske.</p> <p><b>Fleire av dei pågående prosjekta signaliserer at dei har planar om å vidareføre prosjekta</b>, og planlegge å søke om nytt tilskot i 2023. Det vert spanande å sjå heilskapen etter fristen 1. juni. Vi fekk nokre viktige innspel frå styringsgruppa og årsmøte om å sjå enda meir heilskapleg på utviklingsarbeidet, og korleis tilskota kan kome flest mogleg kommunar og born til gode. Dette vil vi legge vekt på når vi ser på søknadane som kjem inn.</p>	<b>Orientering- og drøfting av kva prosjekta treng framover</b>  <b>Konklusjon:</b> Vi vidarefører prosjektstøtteriggen som i fjar og drøfter sak på neste møte i ressursgruppa i juni:  Skal vi gjennomføre temadag om oppstart av prosjekt og/eller implementering?

	<p><b>De øvrige prosjekta</b> Både ut frå rapporteringane som no har kome til Statsforvaltaren frå prosjekta, og den dialogen som RKBU, Statsforvaltaren, HVL og Bufetat har med prosjekta ser det ut som dei fleste prosjekta er i god driv no. Det einaste som vi må være særleg merksame på no, er at tre av prosjekta har fått ny prosjektleiar. Vi må sikre at dei får god informasjon om prosjektstøtteriggen og at de vet kven som er kontaktpersonar får aktørane. På førre prosjektleiarforum var sju av prosjekta representert, og dei rapporterer om at dei opplever god støtte frå kompetansemiljøa.</p> <p><b>Prosjektstøtteriggen</b> Vi held på planen vi la på førre møte, og som vi la fram på årsmøtet. Ser per no ikkje behov for justeringar. Vi tek ein stopp i bakken for å planlegge haustens aktivitetar, når vi ser kva søknadar som kjem inn til 1. juni. Nokre skifte av prosjektleiarar, tre prosjekt har fått ny prosjektleiar. Men det verkar som dei fleste prosjekta er i god flyt no.</p>	
5.	<p><b>Tiltaksutvikling i kommunane – kva skjer no?</b> <b>Merkar kompetansemiljøa auka etterspørsel frå kommunane?</b></p> <p><b>Opplæring i PMTO</b> Jorid seier at det er stor etterspørsel hjå kommunane i å få opplæring i PMTO, men at dei ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å gje tilbod til alle. Det er også ei utfordring av fleire av dei kommunane som fekk plass på siste opplæringsrunde, har mått trekkje seg undervegs p.g.a. manglande kapasitet til å avsette ressursar til deltaking, fordi det i for stor grad går på bekostning av den ordinære drifta.</p> <p>Mange søknader på andre tilskotsordningar retta mot tiltaksutvikling og tverrfagleg utviklingsarbeid. Kanskje rom får å sjå enda meir heilskapleg kring dette?</p>	Orienteringssak
6.	<p><b>Starte på planlegging av program for samlinga 20.-21. september</b> Vi starta på ei lita liste med aktuelle tema og føredragshaldarar til samlinga i september. Vi tenkjer, og undersøker aktuelle tema fram mot dei neste møta i Styringsgruppa 11. mai og i Ressursgruppa 13. juni. Målet er å ferdigstille programmet før sommarferien.</p> <p>Vi legger ut et førebels program med det vi veit så langt, vi har mange faste postar på programmet, og opnar for påmelding til samlinga før påske.</p> <p>Her finn de informasjonen som er lagt ut om samlinga: <a href="#">Barnevernsleiar- og læringsnettverkskonferanse</a></p>	<b>Konklusjon</b> Bente legg dette inn i eit forslag til førebels program, som vi arbeider videre med på dei to neste møte ai styringsgruppa og ressursgruppa.
7.	<p><b>Saker til neste møte i Ressursgruppa den 13. juni 2023</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fortsette med program for samling i september</li> <li>- Drøfte behov for fagdag for utviklingsprosjekta om implementering</li> <li>- Veit vi om udekka behov for støtte hjå utviklingsprosjekta?</li> </ul>	<b>Konklusjon</b> Alle kan spille inn saker til sakslista fram til neste møte

Hovudrepresentantar i ressursgruppa:

Navn:	Barnevernteneste/organisasjon:	Deltok på møtet:
Hege Sundt	Høyskolen på Vestlandet, Sogndal	Ja
Vibeke Samsonsen	Høyskolen på Vestland, Bergen	Nei
Linda Renate Kvalvik	RVTS	Nei
Jorid Bjørkås	NUBU	Ja, del av møtet
Sølvi O. Sørebø	KS Vestland	Ja
Carol Kjøpstad Vangsnæs	Bufetat	Ja
Unni Strandman	RKBU Vest	Ja
Heidi Eriksen Losnedal	Barnehuset i Bergen	Nei
Brita Kristin Leivestad	KORUS	Ja
Anette Christine Iversen	Universitetet i Bergen - HEMIL	Nei
Bente Cecilie Foss	Fylkesmannen i Vestland	ja

Vara for ressursgruppas medlemmer:

Navn:	Kommune/organisasjon:	Deltok på møtet:
Louise Bratlie	Bufetat	Nei
Siv Skoheim	RKBU Vest	Nei
Kristin Ryngøye Matre	Høyskolen på Vestlandet, Bergen	Nei

<b>Merete Tunestveit</b>	Høyskolen på Vestlandet, Sogndal	Nei
<b>Frode Kyrkjebø</b>	KS Vestland	Nei
<b>Bente Styve Pettersen</b>	NUBU	Nei
<b>Randi Kristin Abrahamsen</b>	KORUS Bergen	Nei
<b>Eirin Baugstø</b>	Barnehuset i Bergen	Nei
<b>Cathrine Eide</b>	RVTS	Nei
<b>Olin Oldeide</b>	Universitetet i Bergen	nei
<b>Bård Tyldum</b>	Statsforvalteren i Vestland	nei

Referent: Bente Cecilie Foss

Referat sendt til gjennomlesing til møtedeltakarane: 21.03.2023

Referat godkjent: 02.04.2023